

## Tildeling av kompensasjonsmidlar

- Gjeld habilitetsreglane i forvaltningslova?
- Vurdering av ordførar Jostein Ljones sin habilitet
- Leiar for Kvam næringsråd, Torleiv Ljones si rolle som rådgjevar

## Gjeld habilitetsreglane i forvaltningslova?

- Forvaltningslova (fvl.) gjeld for den verksemda som forvaltningsorgana utfører når ikkje noko anna er bestemt i lov eller i medhald av lov. Eit kvart organ for stat eller kommune vert etter denne lova rekna som eit forvaltningsorgan. Det er fylkesutvalet som har vedteke korleis ordninga med kompensasjonsmidlar skal forvaltas. Det er sett ned ei styringsgruppe som lagar innstilling til fylkesutvalet. Fylkesutvalet gjer endeleg vedtak om fordeling av midlar. Dei involverte organa som er med på tildelinga av kompensasjonsmidlar er difor å sjå på som eigne forvaltningsorgan og reglane i forvaltningslova kjem difor til bruk.
- Tildeling av kompensasjonsmidlar eller avslag på søknad om kompensasjonsmidlar vert rekna som enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2, 1. ledd jf. *Forskrift for distrikts- og regionalpolitisk virkemidler* (FOR- 2013-12-11-1574) § 11.

## Vurdering av ordførar Jostein Ljones sin habilitet

### Fakta:

- Ordførar Jostein Ljones er medlem i styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland og «lokal styringsgruppe» i Kvam
- Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar i Hordaland lagar innstilling til fylkesutvalet, som gjer endeleg vedtak om fordeling av kompensasjonsmidlane. Styringsgruppa består av ordførarane i kommunane som er med i ordninga, samt ein representant frå næringslivet i Kvam. Styringsgruppa er sett saman slik: ordførar Odd Harald Hovland, Bømlo kommune, ordførar Jostein Ljones, Kvam herad, ordførar Tom Kristian Thorsen, Modalen kommune, ordførar Siri Klokkestuen, Etne kommune, Svein Ove Lid, Lid Jarnindustri AS (NHO-representant). Arthur Arnesen, har fungert som observatør for Hordaland fylkeskommune. Gro Jensen Gjerde (Samarbeidsrådet for Sunnhordland) har hatt funksjon som sekretariat og sakshandsamar.
- «Lokal styringsgruppe» i Kvam er sett saman av ordførar Jostein Ljones og Svein Ove Lid (NHO-representant). *Lokal styringsgruppe gjev uttale om bruken av kompensasjonsmidlar til sekretariatet for ordninga, Samarbeidsrådet for Sunnhordland.* Den «lokale styringsgruppa» får saksutgreiing og tilråding til gjennomlesing frå Gro Jensen Gjerde som fungerer som sakshandsamar for dei ulike sakene.
- Torleiv Ljones, leiar for Kvam næringsråd har fungert som kontaktperson for Gro Jensen Gjerde.
- Det var Torleiv Ljones som sende søknadane over til Kvam herad

- Torleiv Ljones er far til ordførar Jostein Ljones.
- Kvam næringsråd er ein av søkjarane om kompensasjonsmidlane (prosjektet *Zip- line Norheimsund*).
- Ordførar Jostein Ljones er tidlegare medlem av Kvam næringsråd (2016)
- Svein Ove Lid er medlem av Kvam næringsråd.

## Vurdering

Er ordførar Jostein Ljones inhabil til å førebu grunnlaget for eller treffa avgjerder i saker knytt til Kvam næringsråd? Eventuell inhabilitet vil i så tilfelle vera grunngeve med at ordførar sin far Torleiv Ljones, er leiar for Kvam næringsråd samt at ordførar Jostein Ljones tidlegare har vore medlem i Kvam næringsråd.

Etter rådmannen sitt syn kan det her ikkje føreligga inhabilitet etter forvaltningslova § 6, 1. ledd grunna føresetnaden for inhabilitet for ordførar Ljones etter fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b) er at faren, Torleiv Ljones, er part i saka. I saker knytt til Kvam næringsråd, er det Kvam næringsråd som eventuelt vil vera part, ikkje leiar eller det enkelte styremedlem.

Føresetnaden for inhabilitet etter Fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e), er at den folkevalde sjølv (ordførar Ljones) har ei leiande stilling i eit selskap som er part i saka. I dette høvet er det ikkje ordførar Ljones, men far hans som er leiar, og me har difor å gjera med ein situasjon som ikkje vert fanga opp av denne habilitetsregelen (fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e)). Lovheimelen omfattar ikkje situasjonar der t.d. familiemedlemer som nemnt i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav b) har posisjonar som nemnt i fvl. § 6, 1. ledd, bokstav e).

Det må derimot vurderast om ordførar Ljones er å rekne som inhabil i følgje den skjønnsmessige regelen i Fvl. § 6, 2. ledd, der inhabilitet vert gjeldande når det føreligg «andre særregne forhold (...) som er egnet til å svekke tilliten til» hans «upartiskhet».

I vurderingar som blir gjort i følgje den skjønnsmessige regelen i Fvl. § 6, 2. ledd skal det mellom anna leggst vekt på om ei avgjerd i saka kan føre til særleg fordel, tap eller ulempe for han sjølv eller nokon som han har nær personleg tilknytning til. I dette høve vert det vist til ordførar Ljones sin relasjon til Torleiv Ljones og ordførar Ljones sitt tidlegare medlemskap i Kvam næringsråd som ei mogeleg årsak til at han kan vere inhabil i saka.

Når det gjeld forholdet mellom ordførar Ljones og Kvam næringsråd, opplyser ordførar sjølv at han tidlegare har vore medlem pga. eiga næringsverksemd som gardsbrukar, men at han sa opp medlemskapet i 2016. Han opplyser sjølv at han ikkje har vore særleg aktiv i næringsrådet og har heller ikkje delteke på medlemsmøter der prosjektet *Zip- line Norheimsund* har vore diskutert. Ordførar har vidare opplyst at Kvam næringsråd ikkje har oppdatert heimesida si der det står at han er medlem. Rådmannen peikar på at ordførar Jostein Ljones kan bli assosiert med Kvam næringsråd på grunn av tidlegare tilknytning som medlem, far hans Torleiv Ljones er leiar for næringsrådet, og at han framleis sjølv står oppført som medlem på heimesida til Kvam næringsråd. Rådmannen understrekar at det er først og fremst direkte og aktuelle interesser i utfallet av saka som fører til inhabilitet. Ordførar Ljones vil difor normalt ikkje vera inhabil pga. hans eiga tilknytning til Kvam

næringsråd har falle vekk. At ordførar Ljones kan kjenna på «ein lojalitet» til Kvam næringsråd fordi far hans er leiar, er berre spekulasjonar og skal difor ikkje vektleggast.

Det kan ikkje seiast at ordførar Ljones har eit særleg «nært personleg» forhold til Kvam næringsråd, og rådmannen stiller seg difor tvilande til at dette forholdet skal vera utslagsgjevande for habiliteten hans. Rådmannen ser difor ikkje på ordførar Ljones sitt tidlegare medlemskap i Kvam næringsråd som eit «særegent forhold».

Ordførar Ljones er son til Torleiv Ljones, som er leiar i Kvam næringsråd. Tilknytninga far-son oppfyller vilkåret i forvaltningslova om «nær personleg tilknytning». Torleiv Ljones er initiativtakar til prosjektet *Zip-line Norheimsund*. Han har arbeidd aktivt for prosjektet og har vore med i utforminga av søknaden om kompensasjonsmidlar. Som leiar av Kvam næringsråd gjennom fleire år, er det nærliggande å tru at lojaliteten som Torleiv Ljones har til næringsrådet er sterk. Eit positivt utfall i saka vil bety at prosjektet er eit steg nærmare realisering (t.d. danna interesse/eigarselskap og gjennomføra ein moglegheitsstudie). For Torleiv Ljones personleg, vil ikkje eit positivt utfall i saka føra til økonomiske fordelar, men det vil bety at han har lukkast som initiativtakar og på den måten oppnår suksess og eit betre omdøme. For at fordelene skal reknast som «særleg» må det dreia seg om ein fordel som tilkjem Torleiv Ljones spesielt, eller som han vil merka i spesielt stor grad. Det er usikkert i kor stor grad Torleiv Ljones vil merka dette. Det er difor vanskeleg for rådmannen å påstå at dette vil vera ein «særleg fordel» for T. Ljones.

I Fvl. § 6, 2. ledd står det følgjande: «*Det skal også legges vekt på om ugildhetsinnsigelse er reist av en part*». Det er viktig å konkretisera at part i saka ikkje har reist «ugildhetsinnsigelse» i denne saka. Spørsmål vedkomande habilitet vart først stilt av redaktør og journalist Sigbjørn Linga på vegner av Hordaland Folkeblad og deretter av Arne Sandven (HST-representant for KrF) utforma som spørsmål til rådmannen.

Etter lovheimelen skal det leggast vekt på om det «særlege tilknytingsforholdet» sett utanfrå er eigna til å svekka tilliten til ordførar Ljones sin «upartiskhet». I støttelitteraturen til lovverket står det at vurderingane om eit bestemt forhold er eigna til å svekka tilliten til representanten sin «upartiskhet», i prinsippet må bygge på allmenne og objektive kriterier. Det er difor ikkje avgjerande om det i media eller i opinionen er gitt uttrykk for at vedkomande er inhabil.

I samtale med Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordaland kjem det fram at ho har spurt Torleiv Ljones om informasjon i nokre av sakene, men at dei aldri har snakka om prosjektet Zip-line Norheimsund. Gjerde viser vidare til at Kvam næringsråd tidlegare har hatt ei større rolle i handsaminga av konsesjonsmidlar, og at kostnadane med dette arbeidet har vore skrive inn i plan for bruk av midlane (administrasjonskostadar). Ho understrekar at ho i sine vurderingar av dei ulike prosjekta har arbeidd sjølvstendig, har brukt kriteria for bruk av midlane og har vektlagt sysselsettingspotensialet.

Rådmannen er vidare kjent med at Torleiv Ljones deltok på eit møte i styringsgruppa den 2. mars 2017. På dette møtet orienterte T. Ljones om søknadane som var komen inn, innhaldet i desse og kva regelverk som gjeld for behandling av søknadane. Han informerte også om kva som hadde vore prosessen fram til møtet, bakgrunnen for kvifor kompensasjonsmidlane vart lyst ut på ny og kva som hadde vore hovudprioriteringane til Gro Jensen Gjerde i hennar tilråding til styringsgruppa (sysselsettingskriteriet).

Ordførar Jostein Ljones har opplyst at Torleiv Ljones berre deltok i starten av dette møtet, og måtte gå når styringsgruppa skulle vurdere og prioritera søknadane. Dette kjem derimot ikkje klart fram av referatet frå møtet. Rådmannen forstår at det blir reagert på at Torleiv Ljones har vore involvert i prosessen. Som leiar for Kvam næringsråd og partsrepresentant (handlar på vegner av Kvam næringsråd) er T. Ljones å rekna som inhabil i saka. T. Ljones bør difor ikkje vera involvert i prosessen med tildeling av kompensasjonsmidlar, då dette kan vera med på å svekka tilliten til at søknadane er rettviss handsama. Rådmannen er kjend med at innstillinga og den faglege vurderinga er gjort av sekretariatet for regional styringsgruppe ved Gro Jensen Gjerde og at dette legg sterke føringar for den vidare handsaminga. Ordførar Jostein Ljones har ei lita rolle i den totale prosessen med handsaminga og tildeling av kompensasjonsmidlane. Sjølv om Gjerde understrekar at det er den «regionale styringsgruppa» som gjev tilråding til fylkesutvalet, står det å lesa i møtereferatet til den «lokale styringsgruppa» (02.03.17) at «Kvam er bedne om å innstilla på bruken innan 5. mars» dvs. at den «lokale styringsgruppa» har hatt høve til å uttala seg om tilrådingane ført i pennen av Gro Jensen Gjerde. Vidare er ordførar Jostein Ljones ein av medlemene i «regional styringsgruppe» som gjev tilråding til Fylkesutvalet.

Rådmannen meiner at den uheldige rollesamanblandinga kombinert med den nære relasjonen mellom ordførar Ljones og Torleiv Ljones, er med på å gjera dette til eit «særegent forhold» stort nok til å svekka tilliten til ordførar Ljones sin habilitet i saka.

For at det skal oppstå inhabilitet etter Fvl. § 6, 2. ledd må det føreliggje eit eller fleire «særegne forhold» som er eigna til å svekka tilliten til ordførar Jostein Ljones sin «upartiskhet». Rådmannen meiner at summen av alle forholda i denne saka, er eigna til å svekka tilliten til ordførar Ljones sin «upartiskhet», og at han difor ikkje burde ha delteke i handsaminga av saka.

*Rådmannen vil presisera at han har kome fram til konklusjonen under sterk tvil og at det er Fylkeskommunen som prosesseigar som eventuelt må fatta ei endeleg avgjerd i habilitetsspørsmålet.*

**Konklusjon: Ordførar Jostein Ljones er inhabil i saka jf. fvl. § 6, 2. ledd og kan ikkje delta i handsaminga av saka.**

## **Torleiv Ljones si rolle som «rådgjevar» for den «lokale styringsgruppa»**

Som leiar for Kvam næringsråd og partsrepresentant er Torleiv Ljones å rekna som inhabil i saka, og rådmannen meiner difor at han ikkje burde ha vore involvert i prosessen med tildeling av kompensasjonsmidlar, då dette kan vera med på å svekka tilliten til at søknadane er rettviss handsama.

Rådmannen meiner vidare at den lokale styringsgruppa i større grad burde ha nytta seg av kompetansen til sekretariatet for kompensasjonsordninga i Hordaland, som er Samarbeidsrådet for Sunnhordaland. Styringsgruppa kunne også ha nytta nokon andre med kompetanse på området, t.d. frå ein av dei andre kommunane i den «regionale styringsgruppa» i Hordaland.

Rådmannen meiner at ei ordning der så mykje pengar er i spel, burde vore underlagt ein meir open og demokratisk prosess, der Kvam heradsstyre stod for den lokale tilrådinga i saka. Det hadde gjeve tildelingane meir legitimitet.

Til sist vil rådmannen skyta inn at rådmann og ordfører Jostein Ljones ved fleire høve har diskutert og forsøkt å forstå saksgangen ved tildeling av kompensasjonsmidlar, og at ordfører har uttrykt at han er ukomfortabel med måten arbeidet er organisert på.